

Fra: Waage, Hartvig [Hartvig.Waage@tysver.kommune.no]
Sendt: 2. januar 2012 09:27
Til: Postmottak KD
Kopi: Arkivet; 'Svein Terje Brekke'; Vallestad, Arvid Ståle; Rektorer i Tysvær
Emne: Høring: Nasjonal bestemmelse om lærertetthet i grunnskolen m.m.

Høring – forslag til endringer i opplæringslov og privatskolelov – Nasjonal bestemmelse om lærertetthet i grunnskolen m.m.

Høyringsuttale frå Tysvær kommune:

VEDTAK I LEVEKÅRSUTVALET - 14.12.2011

Tysvær kommune støttar den foreslåtte endringa i Opplæringslova § 8 -2 ,
alternativ 1.

Føresetnaden er at omsynet til lokal handlefridom blir ivaretatt og at det
nye lovforslaget blir
fullfinansiert.

Mvh Hartvig Waage
Skulesjef i Tysvær
tlf. 52758012/40419107
hartvig.waage@tysver.kommune.no

Utdrag frå saksutgreiinga:

Vurdering

Det er positivt at regjeringa innfører ei nasjonal norm for lærartettleik. Norma er nødvendig for å kunna gje elevane tilpassa opplæring, og vil sikra at ressursar til vanleg undervisning ikkje blir brukt til spesialundervisning. Det er viktig at den nye lova om lærartettleik blir berekna ut frå skulenivå (Alternativ 1), og ikkje kommunenivå. Dersom ein nyttar kommunenivå (Alternativ 2), vil det slå uheldig ut for t.d. vår kommune, som har fleire små skular.

Tysvær kommune har tildelt nok lærarar i høve til ny føreslått norm. Dette gjeld også for skulenivået fram til skuleåret 2011/2012. Dersom ein nyttar lågaste norm, vil Frakkagjerd ungdomsskule tangera denne ved ei stilling mindre.

Ein minsteressurs lærartettleik vil sikra den ordinære undervisninga, og gjera skulane i stand til å oppfylle kravet om tilpassa opplæring. Det blir også mogeleg for ungdomsskulane å kunna gje meir praktisk og variert undervisning i tråd med Stortingsmelding 22: Motivasjon – Mestring - Muligheter. Behovet for spesialundervisning og særskilt norskundervisning kan då ikkje redusera den ordinære undervisninga.

Kravet om minsteressurs lærartettleik er i første omgang avgrensa til ungdomstrinnet, og vil i følge GSI (grunnskolens informasjonssystem) ikkje føra til endringar i skulebudsjettet i Tysvær. Det er likevel grunn til å understreka at eit lovkrav om ein minsteressurs for lærartettleik, vil kunna føra til fleire lærarstillingar på sikt. Departementet slår fast at dei nye årsverka i første omgang vil koma i større kommunar med høg befolkningstettleik. Det vert også peika på at dette kan føra til mangel på kvalifiserte lærar.

For kommunen kan ei fastsett norm om lærartettleik gje mindre handlefridom i høve til å styra dei samla ressursane som kommunen rår over, men som tidlegare nemnt ligg kommunen over den føreslegne minstenorma samla sett.

Konklusjon

Ein minsteressurs lærartettleik vil sikra den ordinære undervisninga, og gjera skulane i betre stand til å oppfylle kravet om tilpassa opplæring. Behovet for spesialundervisning og særskilt

norskundervisning kan då ikkje redusera den ordinære undervisninga.

Tysvær kommune støttar endringa i Opplæringslova § 8 -2, alternativ 1, men føreset at ein i utforming av tilhøyrande forskrifter tar omsyn til behovet for lokal handlefridom, og at det nye lovforslaget blir fullfinansiert.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Tysvær kommune støttar den foreslåtte endringa i Opplæringslova § 8 -2 , alternativ 1.

Føresetnaden er at omsynet til lokal handlefridom blir ivaretatt og at det nye lovforslaget blir fullfinansiert.

Arvid S. Vallestad
rådmann
Hartvig Waage
skulesjef